

Relasjonar

Gode relasjonar mellom borna og mellom born og dei vaksne er svært viktig og vi har difor dette som eit av våre satsingsområder.

I Rammeplan for barnehagen (2017) står det at alle born skal oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelp og støtte dei har behov for. Barnehagen skal legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom born og personale og mellom borna.

Vaksenrolla

Borna skal verte møtt av autoritative vaksne i barnehagen.

Ein autoritativ vaksen:

- Har mykje ekte varme
- Stiller realistiske krav og forventningar
- Gir oppmuntring og anerkjenning
- Gir konstruktiv ros
- Gir emosjonell støtte
- Har klare reglar og konsekvent handheving

Ein skal møte barn på ein likeverdig, men ikkje likestilt måte. Ein skal vere den trygge vaksne som hjelper barna å setje rammer. I staden for eit utydeleg nei skal vi gi eit klart nei med begrunning på kvifor.



For å kunne vere ein autoritativ vaksen er det viktig med ei forståing og ei trygghet i rolla. Ein kan vite at ein ikkje skal skjenne og rope til born, men treng kunnskap om korleis ein kan handtere situasjonen på ein annan måte. Her hever vi vår kompetanse gjennom faglitteratur, refleksjon og praksisfortellingar.

Dersom eit barn vert møtt av autoritative vaksne er det størst sjanse for at dei vert barn med høg livsglede og god sjølvkjensle. At borna vert trygge, tydelege og rettferdige og lærer seg sosialt aksepterte normer.

Den måten du møter barn på er avgjerande for korleis dei som vaksne møter seg sjølv og andre. Alt det du seier vert med på å forme barnet. Dersom vi klarer å få barna til å gå ut av barnehagen med en kjensle av at "Eg er verdifull, eg kan" så har vi gitt barna eit godt utgangspunkt for det vidare livet.

Sosial kompetanse

Å lære born til å skape gode relasjonar med andre born skjer gjennom å utvikle deira sosiale kompetanse. Det er å samhandle positivt med andre i ulike situasjonar. Dette er eit tema som vi arbeider med i det daglege arbeidet med borna.

Sosial kompetanse kan vi dele opp i fem ulike felt:

- | | |
|------------------------|--|
| Empati og rolletaking: | Kunne sjå ting i frå andre sin synsvinkel.
Setje seg inn i korleis andre har det. |
| Prososial åtferd: | Hjelpe og dele med andre. Støtte,
oppmuntre, viser omsorg osv. |
| Sjølvhevdning: | Å ta kontakt med andre, gi uttrykk for andre |

Sjølvkontroll: meiningar og tileigne seg informasjon.
Utsetje egne behov og ynskjer i ein situasjon som krev turtaking. Ha kontroll på egne kjensler knytt til konfliktsituasjonar.

Leik, glede og humor: Kjenne glede, spøke og ha det kjekt.
Gå ut og inn av leiken, forstå leikesignal og leiken sine skjulte reglar.

Frå Kari Lamer: Du og jeg og vi to

Vi vaksne er viktige førebilete for borna og skal rettleie borna i leik og konflikter. Vi ynskjer å lære borna å inkludere kvarandre i leik og syne at alle har ein viktig plass i barnegruppa.

Arbeidet skjer i her og no situasjonar gjennom dagen av observant personale, og i organisert temaarbeid der vi kan nytte materiell. Dømer på slike materiell er bokserien om kanina og pinnsvinet, bokserien "Nelly og Hamza", snakkepakken og "Livet og sånn".

